
Saksnr: 2019/82-85
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 17.08.2021

Til: Vestland ungdomsutval

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Notat møtegodtgjersle til Vestland ungdomsutval (VU)

I samband med PS 139/21 i fylkesutvalet «Godkjenning av fylkesting for ungdom (FFU) og Vestland ungdomsutval» vart det stilt spørsmål om utbetaling av godtgjersle til medlemene av Vestland ungdomsutval. Den enkelte medlem i medverknadsorganet har rett til å få godtgjersle etter Vestland fylkeskommune sine forskrifter, innanfor den ramma som er satt. VU sin medlemmer vil i så måte òg ha krav på vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Budsjettet til FFU og VU er på kr 520 000.

Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle for representantar i fylkeskommunale organ vert utbetalt for kvar møtedag i same organ.

Møtegodtgjersle vert gitt til mellom anna:

- Varamedlemer i fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala og kontrollutvalet.
- Møtande medlem og varamedlemer i Vestlandsrådet
- Møtande representantar til m.a. årsmøte og generalforsamlingar
- Møtande medlemmer og varamedlemer i andre råd og utval (t.d. fylkesråd for eldre, fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne, **medverknadsorgan for ungdom**, fagopplæringsnemnda, trafikktryggingsutvalet)

Satsa for møtegodtgjersle pr. møtedag er kr 1 510.

Vederlag for tapt arbeidsinntekt

Folkevalde skal ha vederlag for tap av inntekt som følgje av tillitsvervet. Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap, såframt tapet er sannsynleggjort. Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d. heimeverande, studentar og pensjonistar.

Medlemer og varamedlemer i VU som er elevar ved vidaregåande skule vil såleis ha krav på vederlag gitt etter satsen for ulegitimert tap på kr. 1 620.

Vederlag for tapt arbeidsinntekt for møter som fell i helga må dokumenterast med trekk i løn eller liknande.

Dagens ordning i VU

I vedtektene til VU står følgjande:

«§11 Økonomi

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

Møtegodtgjersla skal gå inn i det totale budsjettet til fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval.»

Det har såleis ikkje vorte utbetalt verken møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt til medlemmer i VU.

Under kjem ei utgreiing av kva økonomiske følgjer utbetaling av møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for Vestland ungdomsutval vil ha.

Vestland ungdomsutval har i møteplanen for 2021 planlagt ni møter. Av desse ni møta er tre av dei helgesamlingar. I tillegg arrangerer VU fylkesting for ungdom og ei nettverkssamling kvart år. Desse arrangementa går som vanleg over høvesvis tre og to dagar. Medlemmer i Vestland ungdomsutval vil ikkje ha rett til møtegodtgjersle ved deltaking på nettverkssamling, då dette er kurs/konferanse, men vil ha rett til vederlag for tapt arbeidsinntekt så lenge dette kan dokumenterast jf.. § 5-2 i *Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår i Vestland fylkeskommune*. Om helgemøta går over to dagar blir det totalt **17 møtedagar** der medlemmene i Vestland ungdomsutval kan få vederlag for tapt arbeidsinntekt og **15 møtedagar** der dei kan få møtegodtgjersle.

Vestland ungdomsutval består av ni medlemmer og sju varamedlemmer. Dei tre fyrste varamedlemmene har møteplikt, medan dei resterande har møterett på møta til Vestland ungdomsutval. Varamedlemmer med møterett, som ikkje møter på vegne av eit ordinært medlem som har meldt forfall, vil ikkje ha rett på møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt. Dette vil seie at det til eit kvart møte kan vere 12 som møter og som då kan få utbetalt møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Scenario 1: Ingen endring

VU opprettheld talet på møtande medlemmer og varamedlemmer, samt talet på møtedagar.

Møtegodtgjersle: 12 møtande X 15 møtedagar: 180

Tapt arbeidsinntekt: 12 møtande X 17 møtedagar: 204

	Møtande x møter	Sats	Sum
Møtegodtgjersle:	180	Kr 1 510	Kr 271 800
Tapt arbeidsinntekt	204	Kr 1 620	Kr 330 480
			Kr 602 280

Scenario 2: Færre møtepunkt

Vestland ungdomsutval har fleire møtepunkt enn nokon av dei andre medverknadsorgana. I *Reglement for folkevalde organ og delegering* står det følgjande «medverknadsorgana skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov». Fylkeseldrerådet har lagt opp til 8 møter i 2021 og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har satt opp 7 møter.

Om Vestland ungdomsutval set opp 6 møter, av dette ingen helgemøter eller helgemøter som berre har ein møtedag, i tillegg til FFU og nettverkssamlinga vil dette bli 11 møtedagar der medlemmene kan få vederlag for tapt arbeidsinntekt og 9 møtedagar der dei kan få utbetalt møtegodtgjersle.

Møtegodtgjersle: 12 møtande X 9 møtedagar: 108

Vederlag for tapt arbeidsinntekt: 12 møtande X 11 møtedagar: 132

	Møtande x møter	Sats	Sum
Møtegodtgjersle:	108	Kr 1 510	Kr 163 080

Tapt arbeidsinntekt	132	Kr 1 620	Kr 213 840
			Kr 413 160

Scenario 3: Færre møtepunkt, ingen nettverkssamling

Møtegodtgjersle: 12 møtande X 9 møtedagar: 108

Tapt arbeidsinntekt: 12 møtande X 9 møtedagar: 108

	Møtande x møter	Sats	Sum
Møtegodtgjersle:	108	Kr 1 510	Kr 163 080
Tapt arbeidsinntekt	108	Kr 1 620	Kr 174 960
			Kr 338 040

Budsjett 2021

100202: Fylkesting for ungdom/Vestland ungdomsutval	FORBRUK	OVERSIKT
Årsbudsjett 2021		520.000,-
Utvalsmøter		160.000,-
Opplæring og kurs		55.000,-
Nettverkssamling		125.000,-
Ungdommens fylkesting		180.000,-

Vestland ungdomsutval bes om å ta omsyn til utrekningane ovanfor i ein eventuell diskusjon kring utbetaling av møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for medlemene sine.

I fylgje forskriftene til Vestland fylkeskommune har medlemene i medverknadsorgana rett på møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt. Dette har tidlegare ikkje blitt utbetalt til Vestland ungdomsutval, som følgje av § 11 i vedtektene til Vestland ungdomsutval.

Om medlemene i VU ynskjer å få utbetalt møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt innanfor budsjetttramma, vil det vere naudsynt med innsparingar på andre budsjettpostar. Det er viktig å understreke at desse tabellane berre tar for seg utbetaling av møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt. Kostnadar knytt til reise, overnatting og arrangement av FFU og nettverkssamling kjem i tillegg.